

**PROTOKOLL  
FRÅ  
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Fredag 14. mars 2008 kl. 13.00 ble det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet ble halde som telefonmøte.

**Saksliste:**

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Forsvarleg verksemnd og kvalitet i akuttmottaka. Oppfølging av rapport fra Statens helsetilsyn.

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte: Statssekretær Arvid Libak

Frå styret møtte: Styreleiar Oddvard Nilsen  
Ohene Aboagye  
Torhild Selsvold Nyborg

Frå administrasjonen møtte: Administrerande direktør Herlof Nilssen

Også til stades: Avdelingsdirektør Frode Myrvold  
Avdelingsdirektør Mette Bakkeli  
Seniorrådgjevar Bjørg Leinum Seim  
Seniorrådgjevar Miriam Kvanvik

Riksrevisjonen var varsle i samsvar med lov om Riksrevisjon § 13, og møtte ved Mari Repstad.

**Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert**

Statssekretær Arvid Libak ønskte, som øvste eigarmyndighet, velkommen og leste opp fullmakt frå statsråden. Han spurde om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Oddvard Nilsen og avdelingsdirektør Frode Myrvold ble valde til å skrive under protokollen.

Statssekretær Arvid Libak overlet møteleiinga til styreleiar Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovlig sett.*

## **Sak 2: Dagsorden**

Møteleiar spurde om noen hadde merknader til den utsendte dagsorden.  
Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjend.*

## **Sak 3: Forsvarleg verksemd og kvalitet i akuttmottaka. Oppfølging av rapport frå Statens helsetilsyn**

Føretaksmøtet viste innleiingsvis til tidlegare styringssignal, seinast i protokoll frå føretaksmøte i februar 2007, der det er streka under at alle tilsyn skal følgjast opp av leiinga i helseføretaka. Det går vidare fram av protokollen at rapportane frå Statens helsetilsyn skal leggjast fram for styra for dei regionale helseføretaka. Helseføretaka er og, gjennom forskrift om internkontroll i helse- og sosialtenesta av 20. desember 2002, pålagt å forebyggje, avdekke og rette opp overtrding av gjeldande lover og forskrifter.

Helsetenester som blir tilbode eller ytt skal være forsvarlege, jf spesialisthelsetenestelova § 2-2. I følgje § 3-9 skal sjukehusa organiserast slik at det er ein ansvarleg leiar på alle nivå. Føretaksmøtet viste til at årsaka til at rapporten frå Statens helsetilsyn om akuttmottaka blir behandla i føretaksmøtet, er at funna er alvorlege. Det er alvorleg og uakseptabelt at Statens helsetilsyn finn at pasientbehandlinga i dei fleste av akuttmottaka det er ført tilsyn med, til tider er uforsvarleg og at mangefull styring og leiing pregar kvardagen.

Tilsynet ved akuttmottaka blei utført i 2007. Føretaksmøtet bad om at Helse Vest RHF må sikre at alle dei påpektne avvika blir retta opp. Føretaksmøtet tok til etterretning at det har vore møter mellom Helse Vest RHF og Statens helsetilsyn, og at helseføretaka er i ferd med å rette opp avvika.

Føretaksmøtet la til grunn at det i tillegg er naudsynt at Helse Vest RHF må sikre at leiinga ved helseføretaka sett i verk systematiske tiltak for å få betre styring, leiing og drift av akuttmottaka. Dette omfattar m.a. utarbeidning av systembeskrivingar i tråd med § 4 og § 5 i forskrift om internkontroll i helse- og sosialtenesta. Føretaksmøtet understreka at dette arbeidet må bli naudsynt prioritet.

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt Sosial- og helsedirektoratet i oppdrag å beskrive og foreslå ulike modellar, relevante for norske forhold, for organisering av akuttmottaka (også når det gjeld felles akuttmottak (FAM)). Dette arbeidet skal understøtte helseføretaka sitt arbeid med å organisere akuttmottaka på ein måte som sikrar forsvarleg pasientbehandling. Sosial- og helsedirektoratet si førebelse tilbakemelding, jf. brev av 11.03.2008, er lagt ved protokollen. Føretaksmøtet la til grunn at dei regionale helseføretaka deltek i Sosial- og helsedirektoratet sitt vidare arbeid.

Føretaksmøtet konstaterte at det på eit meir generelt grunnlag er behov for større systematikk i dei regionale helseføretaka og helseføretaka si oppfølging av rapportane frå Statens helsetilsyn for å sikre at tiltak blir sette i verk og at organisasjonen kontinuerlig lærar av dei gjennomførte tilsyna. Føretaksmøtet la til grunn at dette følgjast opp gjennom eit felles arbeid som involverar helseføretaka, dei regionale helseføretaka, Statens helsetilsyn og Helse- og omsorgsdepartementet.


Føretaksmøtet vedtok:

1. *Føretaksmøtet viste til at årsaka til at rapporten frå Statens helsetilsyn om akuttmottaka blir behandla i føretaksmøtet, er at funna er alvorlege.*
2. *Føretaksmøtet bad om at Helse Vest RHF må sikre at alle dei påpekt avvika blir retta opp.*
3. *Føretaksmøtet la til grunn at Helse Vest RHF må sikre at leiinga ved helseføretaka sett i verk systematiske tiltak for å få betre styring, leiing og drift av akuttmottaka.*  
*Føretaksmøtet understreka at dette arbeidet må bli gitt nødvendig prioritet og sjåast i samanheng med Sosial- og helsedirektoratet sitt arbeid som skal beskrive og foreslå ulike modellar for organiseringa av akuttmottaka.*
4. *Føretaksmøtet konstaterte at det er behov for større systematikk i dei regionale helseføretaka og helseføretaka si oppfølging av rapportane frå Statens helsetilsyn, for å sikre at tiltak blir sette i verk og at organisasjonen kontinuerleg lærar av dei gjennomførte tilsyna. Føretaksmøtet la til grunn at dette blir følgd opp.*

Møtet ble heva kl 13.10.


Oslo, 14. mars 2008

---



Oddvard Nilsen

---



Frode Myrvold